



**Møtebok**  
**IS Fjordvegen Rute 13**  
**Styremøte 05.05.2015**  
**Stad: Ryfylke Fjordhotel, Suldal**  
**Klokka 16.00 -17.30**

**Møtte:** Marta Finden Halset, Sigbjørn Hauge, Bjørn Laugaland, Einar Horvei, Torkel Myklebust.

**Forfall:** Per Kåre Foss, John Opdal, Anders Ryssdal

Sekretariatet: Leiv Vambheim, Trude Rinaldo og Hanne Sundbø frå Hardangerrådet iks.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Møtet er lovleg sett.

Saker til handsaming: Alle saker er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

**Sak 11/15 Meldingar**

1. Revisjonsbrev 01/15 . Dagleg leiar oppdaterer Brønnøysundsregistra.
2. Hanne Sundbø orienterte om møte med Stavanger kommune som medlem i Fjordvegen. Brev vert sendt.

**Sak 12/15 Årsmøtet – Praktisk gjennomgang**

**Vedtak:**

Styret tilrår Årsmøtet å velja slik møteleiar: Einar Horvei føreslår Marta F Halset.

Styret tilrår Årsmøtet desse til å skriva undermøteboka saman med møteleiar:

Marta F Halset føreslår Trine Danielsen og Morten Midlang

Styret tilrår Årsmøtet å velja slik møtesekretær: Marta F Halset føreslår dagleg leiar Leiv Vambheim

Styret tilrår Årsmøtet å velja slik valnemnd:

Marta F Halset føreslår Nils Moldøen (leiar), Kjellaug Brekhus, Hans Erik Ringkjøb

**Sak 13/15 Prosjekt Brattlandsdalen Godkjenning prosjektplan**

**Vedtak:**

Styret i IS Fjordvegen godkjenner framlagd prosjektplan for Vegutgreiing for Rv 13 Brattlandsdalen med endringar vedtekne i styret.

**Sak 14/15 Status Årskonferansen**

Profileringsmedarbeidar Hanne Sundbø orienterte.

**Vedtak:**

Styret tek orientringa til vitande.

**Sak 15/15 Eventuell Uttale om Aust – Vest trasear mellom Oslo og Bergen.**

**Vedtak:**

IS Fjordvegen Rute 13 uttalar seg ikkje om Høyringa til Aust-Vest utgreiinga frå Statens Vegvesen.

**Sak 16/15 Fast Post:**

Gjennomgang av status for RV 13

Rogaland:

- Prosjekt for Brattlandsdalen er godkjent.

Hordaland:

- Stortingerepresentantar tilrår OPS for strekninga Voss - Vinje E 16.
- Kryssa Encon og Bjørgum ferdig hausten 2015.

Sogn og Fjordane:

- Besøk frå Stortinget til befarings for Vikafjellstunnelen med lovnader om å følgja saka.
- Vikafjellet har i vinter vore stengt i 2000 timar og kolonnekjøyr om lag 200 timar.

Leiv Vambheim  
sekretær